

Utflytt døl

Frå Gudbrandsdalslaget i Oslo til Stiftinga G-Kultur - 1920-2020

Det var gildt å liggje der på grasbakken og sjå dølane koma stegande ut av skogen - han Iver frå Tretten, han Jakop frå Lom, han Torbjørn frå Vågå, ho Jorunn og ho Kari frå Gausdal. På den stutte stunda opp frå Oslo-gryta hadde dei liksom greidd å riste av seg støv og røyk og tankar på turre tal og bokstavar, det var som dei vassa i vårdogg heime i Gudbrandsdalen og føtene hadde lengta etter å søkje nokre centimeter ned i myr og måså. Slik kjende eg det sjølv, og på andleta og rørslene til kameratane mine der oppe skjønnte eg at det var likeeins med dei.

(Vegard Vigerust i lagsavisa *Guriluren* i 1973, da Skjennungstua i Nordmarka hadde vore i eiga til Gudbrandsdalslaget i 20 år. Vigerust var født på Dovre i november 1925 og gjekk bort i mai 2020.)

Etter 100 år var ikkje allting gløymt

Historia om Gudbrandsdalslaget i Oslo enda laurdag 1. februar 2020, med arrangement *Utflytt døl* i Teatersalen i Nynorskens hus i Oslo (*Utflytt døl* er frå diktet med same namn, skrive av Ragna Bleken Rusten). Laget vart stifta i same huset 2. februar 1920 og nedlagt på omframt årsmøte 31. oktober 2013. Samstundes vart Stiftinga G-Kultur oppretta for å vidareføre arven etter laget. Stiftinga vart avvikla med verknad frå 30. juni 2020, og dermed var absolutt siste punktum sett for denne historia.

Lagshistoria vart samanfatta i *Da var laget godt å ha – Gudbrandsdalslaget i Oslo 1920-2013*, lansert i april 2017. Boka vitnar om ei mangslungen lagsverksemd, og laget og lagshyttene var gjennom mange år ein viktig møteplass og fellesskapsarena for dølar i byen. Dei samfunnsmessige og sosiale endringane gjorde at det etter kvart ikke lenger var aktuelt å halde fram med laget. Hyttehistoria starta attende i 1929, Skjennungstua i Nordmarka var i laget si eige frå 1953 og fram til 1993, og den siste hytta låg i Son og vart seld i 2011. Dette salet la grunnlaget for opprettinga av Stiftinga G-Kultur.

Arven etter Gudbrandsdalslaget

Hovudføremålet med Stiftinga G-Kultur var å ta hand om eigedelane og midlane etter laget, mellom anna ved å gje økonomisk stønad til kulturaktivitetar og kulturverksemd med tilknytning til Gudbrandsdalen. Den viktigaste oppgave for styret i starten var å sørge for at alt tilgjengeleg arkivmateriale og alle fysiske eigedelar etter Gudbrandsdalslaget vart teke vare på

for framtida. Dette omfatta bl.a. styreprotokollar, lagsavisa Guriluren, fotoalbum, pokalar, lagsfana og soluret frå Skjennungstua.

Verksemnda gjennom 6 ½ år kan oppsummerast på følgjande måte:

- 1** Det vart gjeve tilskot med totalt 696.745 kr. til 64 kunst- og kulturprosjekt med tilknytning til Gudbrandsdalen.
- 2** Arkivmaterialet og eidedelane etter Gudbrandsdalslaget vart overlevert til Opplandsarkivet på Maihaugen i 2014 og 2015.
- 3** *Da var laget godt å ha – Gudbrandsdalslaget i Oslo 1920-2013*, den samla historia om laget, vart lansert 21. april 2017 ved eit arrangement på Det Norske Teatret. Magnhild Bruheim vart engasjert til å skrive ned historia.
- 4** Soluret frå Skjennungstua, den tidlegare lagshytta i Nordmarka, har fått permanent plassering på Hundorp gjennom eit samarbeid med Gudbrandsdalsmusea, Pilegrimssenter Dale-Gudbrands Gard og grunneigar Rasmus Stauri. Soluret vart avduka ved eit arrangement 10. september 2017.
- 5** Skrivekonkurransen *Unge røyster* i 2019 og utgjeving av skriftsamling *Unge røyster 2020*, med fem honorerte bidrag frå skrivekonkurransen og med tekster frå fire særskilt inviterte forfattarar. Kvar av forfattarane vart honorert med 10.000 kr.
- 6** Kulturarrangement *Utflytt døl* 1. februar 2020 i Nynorskens hus i Oslo markerte 100-årsdagen for opprettinga av Gudbrandsdalslaget og at Stiftinga G-Kultur skulle avviklast innan 30. juni 2020.

Tilskotsverksemda nemnd i punkt 1 utgjer ca 45% av den kapitalen som stod til rådvelde da stiftinga G-Kultur starta opp i 2014. Tek ein med dei andre store tiltaka, med utgjeving av lagshistoria, skrivekonkurransen *Unge røyster* og arrangementet *Utflytt døl*, kan ein trygt seie at føremålet med stiftinga vart oppfylt.

Da var lage godt å gå åt

Torgeir Holø, formann i Gudbrandsdalslaget 2. halvår 1964 - 1. halvår 1965, heldt festtala ved 70-årsjubileet i Gudbrandsdalslaget og 40-årsjubileet i Dale-Gudbrand (laget for «eldre dølar») i februar 1990. Nedanfor er eit utdrag av festtala, der vi blir med på kaffekveild i Nordahl Bruns gate:

«Kjøm døkk i hog kaffekveildein Nordal Bruns gate? Da kunne du reingje tå deg byhammen og bli DØL någre time. Du hørde det på Frøningom: Døm slutta å knote og begynte å lage. Sjøkverein fækk spiss S og L så tunn som sneilltrå: Kæ slag, sitt e her å slubba kaffe på ny-kjøl min.

Feinn du någå å væra missfornøygd med, så kunne du seia Fan hakke meg. Men du slo `kje ni bordet. Du kun slå deg på låret og gapskratte åt ein Sør-døl som prøvde danse masurka, men du slo eilder ni bordet.

Så var det kaffe og væt-kaku, som Kvamveran sa. Og så «Guriluren», lagsavisa. Organet som tøygde yttringsfriheten til bristepunktet. Organet der frimodige yttringer, nasjonalromantiske banaliteter og usaklige personangrep gjekk umeinan og fikk rungende applaus. Lyrikkvelder med Jan Magnus Bruheim, Tore Ørjasæter og Jakob Sande. Lagets teatergruppe med populære innslag.

Ja og så dansen da, ma gut. Kåre og Fritjof let. Trekkspell og gitar. Ein sjeilda gong slong det innum spellmenn frå Otta-dale med rutavest og uppstilt bas. Døm let Springleik
Da var du kvitt Sør-dølom på golve. Døm satt glåmsøygde ved veggen og takka vår herre for at døm var utu svarte middeleidere komne og var siviliserte. Kåre og Fritjof brakte balanse i regnskapet med foxdrot og tango.

For ikkje å gløyme den delen av arrangementet som var henlagt til en gjentehybel med egen inngang og vertinne med liberalt syn på omgangsformer frå Gudbrandsdale. Fy for store di skam! Skul ho mor sagt.»

Litteratur

- *Da var laget godt å ha – Gudbrandsdalslaget i Oslo 1920-2013 og Unge røyster 2020.*

Begge bøkene kostar 100 kr. pluss ev. porto.

- *Stiftinga G-Kultur – Sluttrapport 1. januar 2014-30. juni 2020.* Denne kan ein få tilsendt med epost.

Kontakt: Kjell Austin, kaustin@online.no / 4150 9460.

Årbok for Gudbrandsdalen.

1969:

Gudbrandsdalslaget i Oslo 50 år (red. Asbjørn Ringen og Odvar Thompson, i red.nemnda Øyunn Krokann, Anders Madslie og Simen Reistad).

2016:

- Magnhild Bruheim: *Bygda i byen, Gudbrandsdalslaget i Oslo 1920-2013 og Dølahytte på Oslo vest.*

- Rasmus Stauri og Ola Grøslund: *Go'valsen og Gamel-Husen i Tigerstaden.*

Kjell Austin

24.11. 2020

Utflytt døl

Det vart ein veg i lufta
der grågåsplogen fór.
– Skogen heime er annleis grøn
enn annan skog på jord.

Den vegen vil eg følgje
når dagen går mot natt.
– Underleg, alt har skifta ham,
eg kjenner meg ikkje att.

Eg står i det gamle tunet,
veit ikkje kvar eg er.
– Ved grinda vaks det ein liten hegg,
nå ser han meg høgt over herd.

Men eg er da vel den same,
og same gard og veg?
– Frå heggen drys det kvitan snø,
han slettar ut mine steg.


– Nå er det vår i verda,
draumane går av hi,
men etter denne ferda
er noko forbi.

Eg står i det gamle glaset,
dagen går mot natt.
– Her sprang det ein gong ei lita jente
eg finn ho aldri att.

Ragna Bleken Rusten (21.2. 1896, Fåberg - 22.12. 1979, Moss).

Utflytt døl vart brukt i *Årbok for Gudbrandsdalen* 1969 i samband med 50-årsskriftet for Gudbrandsdalslaget i Oslo, og i boka *Da var laget godt å ha – Gudbrandsdalslaget i Oslo 1920 – 2013*, som vart utgjeve i april 2017. *Utflytt døl* var også namnet på arrangementet 1. februar 2020, som markerte at det da var 100 år sidan Gudbrandsdalslaget var oppretta, og at Stiftinga G-Kultur skulle avviklast i løpet av første halvår 2020.

Brit Skurdal Braastad, opprinneleg frå Sør-Fron, skreiv i 1983 hovedoppgava *Ragna Rusten. Liv og dikting*, og i 1996 ein artikkel om Rusten til *Årbok for Gudbrandsdalen*.



Illustrasjon frå *Da var laget godt å ha – Gudbrandsdalslaget i Oslo 1920-2013*, som vart publisert 21. april 2017 ved eit arrangement på Det Norske Teatret. (Illustrasjonen er laga av Tora Marie Norberg/Svovel.)



Fana til Gudbrandsdalslaget vart innvigd 23. november 1930. Målaren Kristian Holbø teikna utkastet, frøken Alexander (som ho vart kalla i lagssogene) sydde fana på silke, og Per Haugen skar toppstykket av ei runnerot. Dette bildet er frå 17. mai 1952, og er teke utanfor Det Norske Teatret, som da låg i Stortingsgata. (Bilde lån frå Aasmund Grimstad.)



Skjennungstua vart bygd i 1910 av Foreningen til Skiidrettens fremme (Skiforeningen). Gudbrandsdalslaget kjøpte hytta i desember 1952, og var eigar fram til 1993. Salet av Skjennungstua og deretter av hytta i Son i 2011 la det økonomiske grunnlaget for opprettinga av Stiftinga G-Kultur. Bildet er eit prospektkort, truleg frå 1950-talet. (Bildelån frå Per Prestgard.)



10. september 2017 vart soluret frå den tidlegare lagshytta Skjennungstua avduka ved ei markering på Hundorp. F.v. Jon Suleng (varaordørar i Sør-Fron), Knut Hovslien (leiar i Stiftinga G-Kultur), Einar Widme (formann i Gudbrandsdalslaget 1974-1975), Kjell Austin (nestleiar i Stiftinga G-Kultur), Per Gunnar Hagelien (Pilegrimssenter Dale-Gudbrands Gard) og Rasmus Stauri (grunneigar). (Foto: Semming Austin.)



Frå arrangementet *Utflytt døl* i Nynorskens hus 1. februar 2020, der resultatet av skrivekonkurransen *Unge røyster* i 2019 vart offentleggjort. Her er dei unge røystene, som kvar var honorert med 10.000 kr. F.v. Idunn Maria Brosset (Skjåk), Hanna Nordlien Berg (Vinstra), Håkon Noren (Lora), Åshild Slåen (Otta) og Ragnhild Sveen Tande (Vågå). (Foto: Semming Austin.)